



Fylkesmannen i Hordaland  
v/ Fylkeslege Helga Arianson

Dato: 22.12.2014  
Vår ref.: 2014/555-22  
Saksbehandlar: lisadla  
Dykkar ref.: «REF»

## Invitasjon til møte i Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) vedkommande § 34 i Vegtrafikkloven

Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) har i sitt møte 3. desember 2014 bedt om at fylkeslegen i Hordaland vert invitert inn til neste møte i FTU. Dette møte er dagsett til onsdag 4. februar 2015, i fylkesutvalsalen i Hordaland fylkeskommune.

Bakgrunnen for invitasjonen er § 34 i Vegtrafikkloven om tilbakekalling av retten til å føre motorvogn. Som kjend gjev § 34 høve til å tilbakekalle førarretten på bakgrunn av rusmisbruk og utilstrekkeleg helse, syn og førlegheit. Bakgrunnsteppet er at svært mange av trafikkulukkene skjer på grunn av ruspåverknad, - dette gjeld både alkohol, narkotika og medisinbruk. I denne samanhengen er det særleg interessant å høyre meir om fylkeslegen i Hordaland sitt arbeid som er knytt til § 34, og på kva måte fylkeslegen i Hordaland ser føre seg at arbeidet med handhevinga av § 34 kan styrkast.

I *Handlingsplan for trafikkisikring i Hordaland 2014-2017* er § 34 i Vegtrafikkloven eit av prosjekta som er løfta fram i denne perioden, og det er sett av eigne midlar til prosjektet. § 34 er og eit av tiltaka i *Nasjonalt tiltaksplan for trafikkisikkerhet på veg 2014-2017*.

I fleire fylke er handhevinga av § 34 strama inn gjennom eit ytterlegare samarbeid og koordinering mellom fylkeslegen, politiet og Statens vegvesen. Det aktuelle FTU i fylket har og delteke i arbeidet, jf Møre og Romsdal, og Sogn og Fjordane.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Lise Ådlandsvik  
Rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Handlingsplan for trafikkisikring i Hordaland 2014-2017

